



Fylkestrafikktryggingsutvalet

Dato
LEIKANGER, 02.02.2017

Arbeidsdokument 1/17 Handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021

1. Innleiing

I juni 2016 vedtok fylkesutvalet planprogram for arbeidet med Regional transportplan (RTP) 2018 – 2027. I det vedtekne planprogrammet for RTP er det lagt opp til at det skal gjennomførast ein trafikktryggingsanalyse som ein del av analyse- og kunnskapsgrunnlaget til RTP. Den delen av grunnlaget som gjeld trafikktrygging skal også nyttast som grunnlag for utarbeiding av handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021.

Prosessen med utarbeiding av handlingsplan for trafikktrygging er endra i høve til tidlegare. Tidlegare er det gjennomført trafikktryggingsanalysar og analysar på ulukker både i samband med Regional transportplan og handlingsplan for trafikktrygging. Alt analysearbeid er no utført som ein del av analysearbeidet i regional transportplan. I den grad det er nødvendig med statistikk og analyse i handlingsplanen, vil det bli vist til kunnskapsgrunnlaget til RTP. Analysane innan trafikktrygging følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

I dette arbeidsdokumentet vil fylkesdirektøren ta opp følgjande:

- Framdrift og organisering
- Visjon og målsetting i handlingsplan for trafikktrygging
- Innhold og oppbygging av handlingsplanen

2. Framdrift og organisering

Både Regional transportplan 2018 – 2027 og Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 skal endelig godkjennast i fylkestinget i desember 2017. Ut i frå dette er det lagt til grunn følgjande framdriftsplan:

Ferdigstilling kunnskapsgrunnlag/analysearbeidet i RTP	14.02.17
Arbeidsdok. 1/17 FTU Handlingsplan trafikktrygging 2018 – 2027	14.02.17
Ferdigstilling av utkast til RTP og handlingsplan for trafikktrygging	05.05.17
Handsaming av utkast RTP i HS	30.05.17
Handsaming av utkast handlingsplan trafikktrygging i HS. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	30.05.17
Handsaming utkast RTP i FU, vedtak om utlegging offentleg ettersyn	20.06.17
Utlegging offentleg ettersyn	23.06.17
Høyningsfrist	30.09.17
Gjennomgang innkomne merknader	Okt./nov.
Førebuing sak til politisk handsaming - godkjenning	Okt./nov.
Handsaming RTP og Handlingsplan trafikktrygging i HS	21.11.17
Handsaming RTP i FU	22.11.17
Godkjenning i FT	05.12.17
Justering av plandokument etter vedtak i FT - publisering	15.12.17

Hovudutval for samferdsle/Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) har ansvaret for utarbeiding av handlingsplan for trafikktrygging, og er politisk styringsgruppe for dette arbeidet. Dette

arbeidsdokumentet vert lagt fram for FTU til handsaming 14.02.17 der fylkesdirektøren ber FTU om å opprette ei arbeidsgruppe som får ansvar for å utarbeide eit framlegg til Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2027.

Under utarbeidingsa av gjeldande handlingsplan for trafikktrygging var det også oppretta ei arbeidsgruppe med ansvar for utarbeiding av eit høyringsframlegg. På grunn av tidsnau fekk denne arbeidsgruppa mynde til å gjere vedtak om å legge høyringsutkastet ut til offentleg ettersyn. Fylkesdirektøren legg no opp til at ei arbeidsgruppe skal vere ferdig med sitt utkast 5. mai 2017. Høyringsframlegget vil bli lagt fram til handsaming i HS 30. mai, der utvalet kan gjere vedtak om å legge framlegget ut til offentleg ettersyn. Høyringsframlegget til handlingsplan for trafikktrygging vil bli lagt ut på høring i same tidsperiode som RTP.

Etter høyringsperioden vil handlingsplan for trafikktrygging bli lagt fram til slutthandsaming i hovudutval for samferdsle 21. november. Her får utvalet høve til å kome med si tilråding til fylkestinget. Denne saka vil gå direkte frå samferdsleutvalet til fylkestinget med saksordførar utpeika av samferdsleutvalet.

Arbeidet med handlingsplanen vil skje i perioden 15.02.17 – 05.05.17. For å sikre medverknad og styring av arbeidet frå FTU si side, vil det vere nødvendig å opprette ei arbeidsgruppe samansett av 2-3 representantar frå FTU, 1 representant frå Statens vegvesen og 2 representantar frå samferdsleavdelinga. I tillegg vil det vere nødvendig med eitt eller fleire møte med konsultative medlemmar i FTU underveis i planarbeidet.

Fylkestrafikktryggingsutvalet tek framdriftsplanen til orientering. Planarbeidet skal vere ferdig innan 5. mai 2017.

FTU skal handsame høyringsutkast til handlingsplan for trafikktrygging i eit ekstra møte 30. mai 2017.

Fylkestrafikktryggingsutvalet opprettar ei arbeidsgruppe samansett slik:

..... FTU
..... FTU
..... FTU

Johannes Tubbene, Statens vegvesen
Ole Ingar H. Hæreid, SA
Kåre Forslund, SA

Konsultative medlemmar vert kalla inn til møte i arbeidsgruppa etter behov.

3. Visjon og overordna mål.

I gjeldande handlingsplan for trafikktrygging la FTU null-visjonen til Statens vegvesen til grunn. Ut i frå null-visjonen og målsettingane for trafikktrygging i Nasjonal transportplan 2014 – 2023, er følgjande målsetting vedteke for trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane:

Målsettinga for fylket er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken i 2024 skal vere halvert i høve til gjennomsnittleg tal på drepne og hardt skadde i åra 2008 – 2011.

I transportetatane sitt grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018 – 2029 har transportetatane føreslege eit nytt etappemål om at det skal vere maksimalt 350 drepne og hardt skadde i trafikken i 2030. Målet i Nasjonal transportplan (NTP) 2014 – 2023 om maksimalt 500 drepne og hardt skadde i 2024 er sett på som eit delmål og angjev ein nødvendig progresjon dersom ein skal nå målet for 2030. Det nye etappemålet i grunnlagsdokumentet er ambisiøst, men realistisk for kor raskt vi skal nærme oss nullvisjonen. Utfordringa er at til lågare vi kjem i tal drepne og hardt skadde, desto meir krevjande blir det å oppnå ein ytterlegare reduksjon.

Fylkesdirektøren vil tilrå følgjande visjon og ambisiøse og talfesta etappemål, som vil krevje målretta og samordna satsing på trafikktrygging:

Visjon

VISJONEN ER: 0 DREPNE OG 0 VARIG SKADDE

Hovudmålsetting for handlingsplan 2018 - 2021

Målsettinga for fylket er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Sogn og Fjordane skal reduserast til 16 innan 2024.

4. Innhold og oppbygging av handlingsplan for trafikktrygging

Gjeldande handlingsplan for trafikktrygging er todelt. Del 1 inneholder visjon, mål, strategiar, satsingsområde og tiltak innanfor dei ulike satsingsområda. Del 2 er ein faktadel med bakgrunnsinformasjon og analysar.

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vil ikkje ha ein del 2 med bakgrunnsinformasjon og analyse. All analyse vil ligge i kunnskapsgrunnlaget til regional transportplan. Denne analysen er meir omfattande enn tidlegare og kan gje eit godt grunnlag for arbeidet med å definere mål, strategiar og satsingsområde med tiltak.

I arbeidet med handlingsplan for trafikktrygging vil det vere viktig å samordne innhald, satsingsområde og tiltak med Regional transportplan.

Oppbygging av handlingsplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2021 bør i hovudsak følgje same oppbygging som gjeldande handlingsplan 2014 – 2017 del 1. FTU legg kunnskapsgrunnlaget i Regional transportplan til grunn for arbeidet med handlingsplanen.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Ole Ingar H. Hæreid
plan- og beredskapsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Analyse innan trafikktryggleik

Mottakar (ar)

Kopi til:

